



HENNING HAUGEN
Årfuglveien 4

3243 KODAL

Delegert sak nr. 4/26

Sakshands.	Saksnr.	Løpenr.	Arkiv	Dato
KJELL.CHRI	2025/2432	131/2026	K01	05.01.2026

77/56 - Svar på søknad om fornying av skuterløyve til hytte

Vedlegg: Løyve

Dokument i saka:

- Søknad m/vedlegg
- *Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag (motorferdsellova)*
- *Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag*
- *Retningslinjer for handsaming av søknader etter motorferdsellova* - vedteke i kommunestyret 15.12.2016, sak 2016/119

Bakgrunn:

HENNING HAUGEN og Håvar Haugen har søkt om **hytteløyve sone 1** til transport av bagasje og utstyr med snøskuter mellom bilveg og hytte. Søkjar ynskjer å nytte seg av trasé frå **Flatastøyl** til hytta på **Råkadalsvatnet, Korpestrondi**. Det blir samstundes søkt om alternativ trasé frå **Kvervesjå** til hytta, i dei høve der vêr- og løypeforhold gjer at hovudtrasé ikkje kan nyttast.

Kommunens vedtekne retningslinjer av 15.12.2016 deler hytteløyve inn i to soner. Sone 1 gjeld for hytter som ligg under 1040 moh.

Vurdering:

Hytta på **Råkadalsvatnet, Korpestrondi** ligg meir enn 2,5 km frå brøyta veg i sone 1 og det kan difor gjevast løve til transport av bagasje og utstyr i medhald av §5 bokstav c i *Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag* og kommunens *Retningslinjer for handsaming av søknader etter motorferdsellova*, vedteke i kommunestyret 15.12.2016.

Søknaden er vurdert etter naturmangfaldslovas §§ 8 – 12. Ferdsel blir vurdert til å ikkje forringe eller truge artsmangfaldet eller spesielle naturtyper i området. Me oppmodar likevel til å redusere ferdsel til eit minimum og at all transport skal skje så skånsamt som mogleg med omsyn til plante- dyre- og fugleliv.



Vinje kommune

Næringskontoret

Eigedomen ligg innanfor Setesdal austhei villreinområde, og det skal takast omsyn til villreinen. Villreinen er på det mest sårbare om våren og det er ein føresetnad at ferdsel ikkje skremmer villreinen i denne perioden. Søknaden er vurdert slik at skadeverknadene ikkje er større enn at dei kan forsvarast av nytten av transporten.

Einingsleiar sitt vedtak:

HENNING HAUGEN og Håvard Haugen sin søknad om løyve til transport av bagasje og utstyr med snøskuter mellom bilveg og hytte blir innvilga. Løyvet gjeld for hytta og blir utskrive til eigar eller leigetakar, men ektefelle/sambuar og slektningar i rett line kan og nytte løyvet.

Det er ein føresetnad at løyvehavar gjer seg kjend med gjeldande reglar for løyvet som er vedtekne i *Retningsliner for handsaming av søknader etter motorferdselslova* – vedteke i kommunestyret 15.12.2016, sak 2016/119.

Løyvet gjeld for fire år om gongen frå 05.01.2026. Frå fyrste måndagen i mai til snøen er berande om hausten/vinteren er all køyring ulovleg.

Løyvehavar er ansvarleg for å skaffe samtykke frå grunneigar før transporten skjer.

Løyvet gjeld for éin snøskuter.

Løyvet skal alltid vera med transporten og visast fram ved kontroll.

Transporten skal nytte traseen frå **Flatastøyl** til hytta på **Råkadalsvatnet, Korpestrondi** vist i kartet som fylgjer løyvet. I dei høve der vêr- og løypeforhold gjer at hovudtrasé ikkje kan nyttast kan alternativ trasé frå **Kvervesjå** til hytta på **Råkadalsvatnet, Korpestrondi** nyttast.

Det skal nyttast registrert snøskuter med korrekt kjennemerke.

Køyring skal skje så skånsamt som mogleg av omsyn til plante-, dyre- og fugleliv.

I tråd med formannskapsvedtak 04.09.2025, skal ein ved utskriving av løyve til motorferdsel i utmark fakturere løyvehavar kr 315,- for kostnader knytt til utskriving av løyvet.

Faktura blir ettersendt.

Vedtaket kan klagast på innan 3 veker, jf. forvaltningslovas §§ 28 og 29. Kлага skal sendast til Vinje kommune. Sakshandsamar kan gje nærare opplysningar om klageretten.

Med helsing

Kjell Christenson
konsulent

Kopi til:

HÅVARD HAUGEN



Hytteløyve sone 1

Heimel: Forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark og på islagte vassdrag § 5 bokstav c

LØYVE TIL SNØSKUTERTRANSPORT AV UTSTYR OG BAGASJE FRÅ BILVEG TIL HYTTE

Løyvet gjeld for:

HENNING HAUGEN, Årfuglveien 4, 3243 KODAL

HÅVARD HAUGEN, Årfuglveien 2, 3243 KODAL

Trasé som skal nyttast er **Flatastøyl** til hytta **Råkadalsvatnet, Korpestrondi** som er innteikna i kartet.

I dei høve der vær- og løypeforhold gjer at innteikna hovudtrasé ikkje kan nyttast kan ein nytte alternativ trasé frå **Kvervesjø**.


Løyvet gjeld i fire år frå 05.01.2026.

Frå fyrste måndagen i mai til snøen er berande om hausten/vinteren er all køyring ulovleg. Løyvet gjeld for hytta og blir utskrive til eigar eller leigetakar, men ektefelle/sambuar og slektningar i rett line kan og nytte løyvet.

Løyvehavar er ansvarleg for å skaffe samtykke frå grunneigar før transporten skjer.

Vilkår for løyvet:

- Løyvet gjeld for éin snøskuter
- Dette løyvet skal alltid vera med transporten, og visast fram ved kontroll
- Transporten skal nytte traseen vist i kartet nedanfor
- Det skal nyttast registrert snøskuter med korrekt kjennemerke
- Køyring skal skje så skånsamt som mogleg av omsyn til plante-, dyre- og fugleliv
- Ved henting av vatn skal kortaste veg frå hytta nyttast





Vinje kommune
Næringskontoret

